



Byggmester Knut Henanger
Orrhøyflaten 3
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/3895 - 15/3226

Saksbehandlar:
Lillian Straumøy Brakstad
lillian.s.brakstad@meland.kommune.no

Dato:
18.02.2015

Godkjenning - riving av hytte i Holsbergstien 47, gbnr 10/45, 61.

Administrativt vedtak. Saknr: 45/2015

Tiltakshavar: Kvalitetshjem AS
Ansvarleg søkjar: Byggmester Knut Henanger
Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-1

Saksutgreiing:

Det vert vist til søknad etter Plan- og bygningslova § 20-1 motteke 16.02.2015 i Meland kommune. Søknaden gjeld riving av hytte på gbnr 10/45 og 61 i Holmemarka bustadfelt.

Vurdering:

Planstatus:

Eigedomen ligg i reguleringsplan for Holmemarka aust – planid 125620031029 og er i plankartet merka B/FB3 – godkjend for bruksendring frå fritidsbustad til heilårsbustad.

Nabovarsling:

Tiltaket er nabovarsla 30.01.2015. Det er ikkje motteke merknader til varselet. Det er ikkje naudsynt å gjennomføre ytterlegare varsling i saka. Nabovarsling vert rekna som tilstrekkeleg etter Pbl § 21-3.

Avfallshandtering:

Det er krav til skildring av miljøsanering for tiltaket etter TEK § 9-7. På bakgrunn av opplysningane i søknaden legg administrasjonen til grunn at tiltaket ikkje medfører «farlig avfall», jf TEK10 § 9-7, jf avfallsforskrifta kapittel 11. Det er tiltakshavar/ansvarleg prosjekterande og utførande sitt ansvar at desse opplysningane er forsvarleg kontrollert i samsvar med avfallsforskrifta, samt at det vert innlevert sluttrapport.

Ansvarsrett:

Postadresse
postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt
www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Føretak	Godkjenningsområde
Byggmester Knut Henanger Org.nr 985 477 647 Sentral godkjenning	SØK, PRO, UTF for heile tiltaket – tiltaksklasse 1

VEDTAK:

«Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1 bokstav e, jf § 21-4, gjev Meland kommune løyve til riving av hytte på gbnr 10/ i Meland kommune, jf søknad motteke 16.02.2015.

Grunngjevinga for vedtaket går fram av saksutgreiing og vurdering ovanfor.

Ansvarsrettar vert godkjend som omsøkt, jf pbl kapittel 23.

Opplysningar om bygget, - type bygg, areal, tiltakshavar/ansvarleg søkjar – som kjem fram i søknaden, vert registrert i matrikkelen, jf Matrikkellova.

Matrikkelen er det offisielle registeret for fast eigedom, bygningar, bustadar og adresse.

Dersom tiltaket ikkje er sett i gong seinast 3 år etter at løyve er gjeve, fell løyvet bort.

Det same gjeld dersom tiltaket vert innstilt i lengre tid enn 2 år, jf Pbl § 21-9.

Tiltaket skal utførast i samsvar med vilkår gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova så fram det ikkje er gjeve unntak.»

Gebyr for sakshandsaming følgjer vedlagt.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Lillian Straumøy Brakstad
konsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Vedlegg sak 45-2015

Mottakere:

Byggmester Knut Henanger	Orrhøyflaten 3	5918	FREKHAUG
Kvalitetshjem AS v/Tone Flytlie	Orrhøyflaten 1	5918	FREKHAUG